



## SAKSPAPIR

| Styre, utval, komite m.m.      | Møtedato   | Saksnr |
|--------------------------------|------------|--------|
| Saksgruppe Levekår og Nærmiljø | 27.09.2017 | 022/17 |
| Formannskapet                  | 03.10.2017 | 072/17 |

| Saksansvarleg       | Arkiv   | Arkivsaknr |
|---------------------|---------|------------|
| Anne Britt Fanekrog | N - 000 | 17/2456 -  |

### Svar på høyring om endringar i barnehagelova mv.

#### Samandrag av saka:

Kunnskapsdepartementet har sendt ut forslag til endringar i barnehageloven, opplæringsloven, friskoleloven og forskrift om pedagogisk bemanning på høyring,

[www.regjeringen.no/no/dokumenter/Hoering-om-endringer-i-barnehageloven/id2557731/](http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Hoering-om-endringer-i-barnehageloven/id2557731/) .

Høyringsforslaget inneheld forslag om å innføre eit minimumskrav til grunnbemanning i barnehagane og ei skjerpa pedagognorm. I tillegg foreslår departementet at det vert lovfesta ei plikt for barnehage- og skuleeigar til å samarbeide om barna sin overgang frå barnehage til skule og SFO.

Ei innføring av ei minimumsnorm for bemanning vil sikre like, gode rammevilkår og vere eit gode for barnehagane. Det vil i midlartid vere ei økonomisk utfordring for kommunane å gjennomføre tiltaket.

Ei skjerping av kravet til pedagogisk bemanning vil styrke det pedagogiske miljøet i barnehagane, særskilt i mindre barnehagar som ikkje har oppfylt pedagognorma. For kommunar som har

oppfylt kravet om grunnbemanning kan det føre til overtaligheit i kommunen dersom ufaglærte assistentar og fagarbeidarar må erstattast med pedagogar.

Kommunar som ikkje allereie har oppfylt kravet om minimumsbemanning og som i tillegg må tilsetje fleire pedagogar for å imøtekomme kravet til pedagogisk bemanning vil få store økonomiske utfordringar som det ikkje vert kompensert for. Sund kommune har ei bemanningsnorm på 6,7 barn over tre år pr. tilsett og 3,5 barn pr. tilsett under tre år. Innføring av bemanningsnorm vil derfor få store økonomiske konsekvensar for kommunen. Det har vore ei gjennomgang av behovet for nytilsettingar i barnehagane i Sund i høve den nye bemanningsnorma. Gjennomgangen viser at det vil vere behov for ca 8,6 årsverk dersom ein legg talet på barn i barnehagane våre pr 15.08.17 til grunn.

Dersom minimumsnorma vert innført utan økonomiske kompensasjon må Sund kommune ta høgde for ei kostnadsauke i barnehagesektoren på om lag 5 mill. kroner. Kommunen kan nytte den auka finansieringa frå staten til pedagogbemanning, men for Sund kommune det vil bare utgjere 0,4 mill. kroner.

#### Saksutgreiing:

Kunnskapsdepartementet har sendt ut forslag til endringar i barnehagelova, opplæringslova, friskolelova og forskrift om pedagogisk bemanning på høyring. Høyringsforslaget inneheld forslag om å innføre eit minimumskrav til grunnbemanning i barnehagane og ei skjerpa pedagognorm. I tillegg foreslår departementet at det vert lovfesta ei plikt for barnehage- og skuleeigar til å samarbeide om barna sin overgang frå barnehage til skule og SFO.

Minimumskrav til grunnbemanning:

Høyringsnotatet inneheld forslag om å lovfeste eit minimumskrav til grunnbemanning, ei

bemanningsnorm som inneber at det skal vere minimum ein tilsett per tre barn under tre år og ein tilsett per seks barn over tre år.

Barnehagelova har pr. i dag inga føresegn som regulerer kor mange barn det kan vere per tilsett, det er opptil eigar å vurdere kva for bemanning som er tilstrekkeleg til at personalet kan drive ein tilfredsstillande pedagogisk verksemd. Eit talfesta krav til grunnbemanning vil sikre at gode rammevilkår vert oppretthalde over tid og gjere det føreseieleg for barn, foreldre og tilsette. Departementet foreslår at bemanningsnorma skal gjelde for barnehagen i sin heilheit og setter ikkje krav til storleiken på barnegruppene eller organisering av barnehagen. Dispensasjon frå kravet til grunnbemanning:

For at barnehagane ikkje skal bli tvungen til å tilsette personar som ikkje vert vurdert som kvalifisert til å jobbe med barn, vert det foreslått at kommunane kan gi dispensasjon frå kravet til grunnbemanninga når særlege omsyn tilseier det.

Skjerpa krav til pedagogisk bemanning:

Det vert og foreslått og skjerpe kravet til den pedagogiske bemanninga, ei skjerpa pedagognorm, som inneber at det skal vere minimum ein pedagog per syv barn under tre år og ein pedagog per 14 barn over tre år. Undersøkingar viser at barnehagane har for få tilsette med pedagogisk utdanning. Statistikk frå 2016 viser at om lag 40% av dei som jobba i barnehage hadde pedagogisk utdanning og 20% var utdanna barne- og ungdomsarbeidarar.

I berekning av bemanningsnorma og pedagognorma skal ein ta utgangspunkt i at barn vert rekna som over tre år frå og med august det året dei fyller tre år.

Plikt til å samarbeide om barna sin overgang frå barnehage til skule og SFO:

Regjeringa ønskjer å legge til rette for at alle barn kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule. Departementet foreslår derfor at det vert lovfesta ei samarbeidsplikt for barnehageeigar og skuleeigar til å samarbeide om barna sin overgang frå barnehage til skule og SFO.

## **Vurdering:**

Minimumskrav til grunnbemanning

Ei innføring av ei minimumsnorm for bemanning vil sikre like, gode rammevilkår og vere eit gode for barnehagane. Det vil i midlartid vere ei økonomisk utfordring for kommunane, særskilt for kommunar med dårleg kommuneøkonomi. I høyringsnotatet legg departementet til grunn at bemanningsnorma kan innførast utan at det krev auka statlege overføringar, fordi statistikk for 2016 viser at kravet er noko overoppfyllt i kommunale barnehagar. Statistikk frå 2015 viser at tal på barn pr. tilsett varierer, og ei innføring av ei minimumsnorm vil få store økonomiske konsekvensar for dei kommunane som ikkje allereie har oppfylt kravet for grunnbemanning.

Finansiseringsmodellen til private barnehagar kan synast å oppmuntre kommunane til rasjonell drift, sidan det er kommunane sine kostnader i kommunale barnehagar som er berekningsgrunnlaget for driftstilskottet til dei private barnehagane. Kommunar med dårleg økonomi har derfor måtte tilpasse driftsnivået i kommunale barnehagar og norm for bemanning etter kommunen sin økonomi. Kravet om innføring av ei minimumsbemanning vil få stor konsekvensar for desse kommunane.

Dispensasjon frå kravet til grunnbemanning:

Det er positivt at det vert innført dispensasjonsadgang, både fordi det kan vere vanskeleg å få tak i tilstrekkeleg kvalifisert personale til å oppfylle kravet til grunnbemanninga, og fordi kommunen ikkje vil bli tvungen til å tilsette personar som ikkje vert vurdert som skikka til å jobb med barn.

Skjerpa krav til pedagogisk bemanning:

Ei skjerping av kravet til pedagogisk bemanning vil styrke det pedagogiske miljøet i barnehagane, særskilt i mindre barnehagar som ikkje har oppfylt pedagognorma.

For kommunar som har oppfylt kravet om grunnbemanning kan det føre til overtaligheit i kommunen dersom ufaglærte assistentar og fagarbeidarar må erstattast med pedagogar.

Det kan bli ei utfordring for barnehagane å organisere plantid for pedagogane. Ein pedagog har krav på 4 timar plantid i veka. Når assistentar vert erstatta med pedagogar som har krav på plantid, vil det føre til ei reduksjon i vaksentettheten fordi det ikkje vert kompensert for å sette inn vikarar i plantida.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Finansiering av tiltaket:

I budsjettforliket for statsbudsjettet for 2017 vart det bevilga 172,2 mill. kroner gitt med halvtårseffekt til fleire barnehagelærarar. Heilårseffekten er 413,3 mill. kroner i 2017- kroner. Departementet legg til grunn at minimumskrav til grunnbemanning kan innførast utan at det krev auka statlege overføringar. Kommunane står fritt til å bruke den auka finansieringa frå staten som er knytt til det skjerpa kravet til den pedagogiske bemanninga til enten å dekke auka utgifter til å styrke den pedagogiske bemanninga eller til å styrke grunnbemanninga ut i frå lokale behov.

Økonomiske konsekvensar av innføring av minimumsnorm for bemanning:

Kommunar som ikkje allereie har oppfylt kravet om minimumsbemanning og som i tillegg må tilsetje fleire pedagogar for å imøtekomme kravet til pedagogisk bemanning vil få store økonomiske utfordringar som det ikkje vert kompensert for. Auka i finansieringa er ikkje tilstrekkeleg til at den dekker Sund kommune sine kostander til det skjerpa kravet til pedagogisk bemanning og kravet til minimumsbemanning.

Sund kommune har ei bemanningsnorm på 6,7 barn over tre år pr. tilsett og 3,5 barn pr. tilsett under tre år. Innføring av bemanningsnorm vil derfor få store økonomiske konsekvensar for kommunen. Det har vore ei gjennomgang av behovet for nytilsettingar i barnehagane i Sund i høve den nye bemanningsnorma. Gjennomgangen viser at det vil vere behov for ca 8,6 årsverk dersom ein legg talet på barn i barnehagane våre pr 15.08.17 til grunn. Dersom minimumsnorma ver innført utan økonomiske kompensasjon må Sund kommune ta høgde for ei kostnadsauke i barnehagesektoren på om lag 5 mill. kroner. Kommunen kan nytte den auka finansieringa frå staten til pedagogbemanning, men for Sund kommune det vil bare utgjere 0,4 mill. kroner. Det vil seie at bemanningsnorma ikkje kan innførast utan auka statlege overføringar.

### **Tilråding til vedtak:**

Sund kommune er positive til at bemanninga i barnehagane vert styrka gjennom ei minimumsnorm for grunnbemanning og skjerpa krav til pedagogisk bemanning. Ei minimumsnorm for grunnbemanning kan ikkje gjennomførast utan at kommunane får økonomisk kompensasjon for nytilsettingar.

**27.09.2017 Saksgruppe Levekår og Nærmiljø:**

**SLN- 022/17 Vedtak:**

### **Framlegg frå saksgruppa (samr.):**

Sund kommune er positiv til at bemanninga i barnehagane vert styrka gjennom ei minimumsnorm for grunnbemanning og skjerpa krav til pedagogisk bemanning.

Ei minimumsnorm for grunnbemanning kan ikkje gjennomførast utan at kommunane får økonomisk

kompensasjon for nytilsettingar.

**03.10.2017 Formannskapet:**

**F- 072/17 Vedtak:**

Sund kommune er positiv til at bemanninga i barnehagane vert styrka gjennom ei minimumsnorm for grunnbemanning og skjerpa krav til pedagogisk bemanning.

Ei minimumsnorm for grunnbemanning kan ikkje gjennomførast utan at kommunane får økonomisk kompensasjon for nytilsettingar.